



# Månedsbrev DESEMBER 2011

## Møte 5. desember 2011

**3 min:**

Ingen 3 minutter dette møtet.

### Dagens tema: Orientering og omvisning hjå Rolls-Royce, Hordvikneset

Me vart vel mottekne av HR direktør Ohnstad, som sjølv er rotarianar, og han leia oss ,22 medlemer, til kantina for å orientera om verksemda før omvisning i produksjonshallen. Her vart også kvalitetssjef Helland tilstades. Han kjenner til det meste etter lang fartstid i verksemda.

Eit raskt samandrag av historia viser at dette er vidareføring av BMV gjennom Ullstein sitt eigarskap til Rolls – Royce Marine AS i Rolls –Royce Group plc med Daimler som aksjonær. Var også ein kort periode eigm av Vickers.

Selskapet har 39000 ansatte og er representert i 50 land. Selskapet er maknadsleiar i marine motorar , design , levering og tenesteyting til handels- og marinefartøy over heile verda.

Her heiter det no Bergen Engines AS Group og har 650 tilsette, støyperi med 160 og dessutan 60 reisande reparatørar.

I 1968 vart produksjon av motorar og vinsjar flytta frå Viken i Bergen til Horvikneset. Bygningsmassen her omfattar i dag 32000 kvadratmeter.

BMV tilverka den første motoren i 1943 men den kom først i bruk eit par år seinare. Etter det har det gått slag i slag og framgangen har vore monaleg. No lagar dei i hovudsak to motortypar B og C i storleikar opp til 7000 KW. B- motoren vert produsert anten som rekke- eller V- motor alternativt med gass eller diesel som drivstoff. Motorblokkene vert kjøpt i Tyskland eller Spania. Ein motor kan vera samansett av opptil 4500 deler. 70 % av verdien i ferdig motor er innkjøpte deler.

HMS-funksjonen er ein viktig faktor i ei kvar verksemeld og ikkje minst der det føregjeng produksjon som her. Som eit apropos kan nevnast at då med gjekk rundt fekk me sjå ein innsamlingsstasjon for flasker og boksar der innkoma vart gjeve til ein skule i Afrika.

Ein nyutvikla motor har fått nevninga " CLEAN DESIGN" . Den har gjort eit stort framsteg for å få absolutt minste utslepp av miljøpåverkande faktorar. I den samanheng er det teke omsyn til skrog- og propell- form. Med ideell skrogform kan forbruk av drivstoff reduserast med opptil 35 – 40 % og propell en kan også gje sparing opp mot 20%. Nox utslepp kan dermed reduserast opptil 75 %. Det er såleis inga overrasking at motoren har vekt stor interesse der den har vorte vist.

Ymse motoranlegg vert selt og levert til heile verdsmarknaden både til framdrift og landanlegg. Til dømes er det levert strømagggregat som nødanlegg for sikring av strømtilføring til sjukehus, ref. Haukeland Universitetssjukehus.



Til Bangladesh er det levert tungoljemotorar i samband med strømproduksjon. Seinare har dei gått over til gassdrevne.

Stasjonære motoranlegg representerer ca 50 % av produksjonen. Ei effektiv skiftordning for service av alle slag er tilgjengeleg 365 dagar i året så her er ikkje noko overlete til seg sjølv.

Verksemda vart også råka av finanskrisa og førte til at arbeidsstokken måtte reduserast med rundt 200 årsverk. Nå er ein del attende i arbeid. Ordrereserven pr. idag vil gje arbeid i 4 – 6 månadars full drift.

Etter den fyldige orienteringa fekk Ohnstad med seg Helland på omvisning.

Under omvisninga vart me fortalt og vist korleis det meste av produksjonen føregjeng.

Då me var samla i kantina takka presidenten begge for ein umåteleg interessant kveld så langt og gav dei ei lita gave.

*Referent: Sverre*

## Møte 12. desember 2011

**3 min:**

Ingen 3 minutter dette møtet.

### Dagens tema: Lutefiskaften

Det foreligger ikke formelt referat fra denne årlige begivenheten men som ved tidligere arrangement ble også denne en verdig og litt spesiell aften. Tradisjonsmaten med tilbehør ble nytt til det fulle selv om vi hadde smakt lutefisken bedre ved tidligere anledninger. Dette la ingen demper på stemningen og som vanlig stod presidentens tale til klubbmemeberne på kjøreplanen.

Vi har hatt en begivenhetsrik høst med en vellykket jubileumsfest som et høydepunkt.

Denne kvelden ble også benyttet til å gi to av våre mest sentrale medlemmer en helt spesiell utmerkelse, nemlig "Paul Harris Fellow" som er en utmerkelse som henger svært høyt i Rotary organisasjonen og som kun deles ut til medlemmer som har bidratt med noe helt spesielt til klubben og organisasjonen.

Utmerkelsene ble delt ut til Nils Thunestvedt og Bjørn Myhren til både deres og de fremmøttes store overraskelse og glede. Gratulerer igjen. Les mer under "PHF" på hjemmesiden.

Ellers forløp kvelden seg på tradisjonelt vis med mange gode og morsomme historier, som alltid.

*Referent: Tord*



## Møte 19. desember 2011

### 3 min:

Ingen 3 minutter dette møtet.

### Dagens tema: Pratemøte

- Arna Rotary Klubb sponser hjertestarter til Arna-Bjørnar med den nette sum av kr. 19 999,-. Røde Kors hjelper til med opplæring i bruk av hjertestarteren. Mer blest om saken kommer i Bygdanytt.
- Eldrefesten blir arrangert 9. januar kl. 17.00. Komitémedlemmene møter opp kl. 15.00. Kjørelister er sendt ut på mail, Sveinung har informert de som ikke har tilgang på mail. Sjåførenes oppgavr er å hente/bringe de som står på den enkeltes liste, samt ringe gjestene for å invitere/informere i forkant. Haukeland Songlag underholder denne kvelden.

### Annen info

- Fra Administrasjonskomiteen: Program første halvår påbegynt, gode forslag til poster på programmet sendes på mail. Programmet vil bli oppdatert på hjemmesiden etter hvert som det er klart.

*Riktig god jul og godt nytt år! ☺*

*Referent: Reidunn*